

Saksgrunnlag til områdeutvala

Tittel på sak	Pasientreiser
Dato	09.01.2024
Saksinmeldar	Anita Sørtveit kommuneoverlege og sjukeheimslege Osterøy kommune.
Saksnummer	4/24

Bakgrunn

Pasientreiser er reiser til og frå offentleg godkjent behandling. Avdeling for pasientreiser har ansvaret for gjennomføringa av pasientreiser med rekvisisjon frå Helse Bergen sitt opptaksområde. Helse Bergen har avtalar om køyring i heile opptaksområdet. I dei fleste områda gjeld avtalane om køyring heile døgnet, men i nokre område er avtalane berre gjeldande visse tider på døgnet.

Vurdering/drøfting

Pasientreiser i Helse Bergen har ikkje avtale om pasienttransport for innbyggjarar på Osterøy i tidsrommet mellom kl 18-06 alle dagar. Dette gjer at innbyggjarane sjølv må bestille taxi, legge ut kostnadene for turen sjølv, ta vare på kvitteringar og søke om å få refundert reisekostnadene i ettertid.

Alle har ikkje ressursar til å organisere sin eigen taxitur og søke refusjon for utgifter i etterkant, spesielt ikkje om dei er alvorleg sjuke eller ressursvake i utgangspunktet. Alle innbyggjarar har heller ikkje pengar til å legge ut for taxituren. Det har vore hendingar av ulik art som viser at innbyggjarane ikkje har eit reelt og godt tilbud om transport til undersøkingar og behandlingar når dei har rett til det på kveld/natt/helg. Nokre får forsinka helsehjelp og/eller for dårleg helsehjelp og ambulanse vert nytta unødig.

Osterøy kommune har også motteke klager frå vår interkommunale legevakt i Knarvik på at me har ein dårleg transportavtale i tidsrommet mellom kl 18-06. Legevakta bruker unødig mykje tid på denne problemstillinga og dei kjem opp i situasjonar der dei må bruke ambulanse unødig.

Osterøy kommune meiner at dagens ordning på Osterøy er forskjellsbehandling av innbyggjarar i ulike kommunar, det er ikkje eit likeverdig tenestetilbod. Slik kommunen ser det så opprettheld ikkje Helse Bergen prinsippet om lik rett til helsetenester i denne saken, det bidrar ikkje til eit likeverdig tilbud om transport til undersøkingar eller behandlingar i helse- og omsorgstenesta slik det skal vere i følge Specialisthelsetenesteloven.



Forslag til vedtak

I samband med drøfting av saka ynskjer Områdeutvalet at problemstillinga også vert belyst frå Helse Bergen/Pasientreiser si side.

